



## Notat

Dato: 29.11.2016  
Arkivsak: 2016/9494-5  
Saksbehandlar: maraskv

---

**Til:** Per Morten Ekerhovd

---

**Frå:** Ronny Skaar

---

### **Samarbeid med Hordaland Røde Kors. Vurdering og konklusjon.**

#### **Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM i Hordaland. Dette inneber m.a. samarbeid med kommunane og aktuelle deltakarar, hovudansvaret for UKM-festivalen i Hordaland, samt oppfølging av Hordaland sine deltakarar på landsfestivalen.

UKM er ikkje ein konkurranse, det er ein møteplass. UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv., utgjør en heilskap, og eit minne for livet. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener.

I UKM kan alle mellom 10 – 20 år melde seg på ein lokalmønstring i sin kommune og har høve til å delta der med alt frå sjonglering, konferansier, arrangør, musikk, kunst, media – berre for å nemne noko. Under UKM-festivalen i Hordaland må alle ungdommane som representerer sin kommune vere i alder 13 – 20 år.

I 2016 vart UKM-festivalen i Hordaland arrangert 15.-17.april og det var 348 ungdommar som deltok i ulike sjangrar. Alle framsyningar og workshops vart arrangert på USF Verftet. Overnattinga fant stad i Haugeveien 28, same lokalar som Bergen tekniske fagskole har undervisning. På denne staden var det servering av frukost og kvelds. Det var 270 ungdommar til overnatting og kommunane i Hordaland stilte med minimum 1 ansvarleg vaksen til å sove med deltarane. I tillegg overnatta fylkeskontakt for UKM Hordaland og 2 produsentar av festivalen på denne plassen.

2016 var fyrste året Hordaland fylkeskommune hadde «prinsipp for deltaking» for alle deltakarane, eit prinsipp som er nasjonal standard i UKM. Dette innebar at kvar deltakar som prinsipp skulle vere tilstade under festivalen frå fredag kveld til siste framsyning søndag. Etersom kvar deltakar på UKM-festivalen i Hordaland representerer ein kommune, vart det satt krav om at kvar kommune måtte stille med minimum ein reiseleiar per 10.deltakar og at det i tillegg måtte vere ansvarlege vaksne tilstade på overnattingsstaden og overnatte der med deltakarane. At kommunane måtte stille med ansvarlege vaksne på kveld og natt (overnattingsstaden) var nytt frå 2016. Kommunekontaktane i UKM vart informert om dette i god tid og temaet var ope for diskusjon på kommunekontaktmøtet hausten 2015. Sjølv om det ikkje vart retta motsegn på dette frå kommunane i forkant, var det tydeleg at dette var ei tung oppgåve for fleire kommunekontaktar i UKM å gjennomføre. Etter at evalueringa av UKM-festivalen i Hordaland 2016 var gjennomgått vart det konkludert med at «prinsipp for deltaking» fortsatt skal gjelde i 2017 og at kommunane må stille med reiseleiarar på dagtid. Kommunane skal derimot ikkje ha ansvar for å stille med reiseleiarar på kveld og natt. Hordaland fylkeskommune vil frå 2017 ta ansvar for at det skal vere ansvarlege vaksne tilstade på

overnattingsplassen under UKM-festivalen i Hordaland. Med eit slikt ansvar var det eit ønskje om å styrke kompetansen blant dei ansvarlege vaksne som skal vere tilstade med deltakarane på kveld og natt, og styrke tilbodet til ungdom med god oppfølging gjennom festival-helga.

### **Vurdering av samarbeid**

I oppgåva om å ha ansvarlege vaksne tilstade på kveld og natt under UKM-festivalen i Hordaland, styrke kompetansen blant desse og samtidig styrke tilbodet til ungdom med god oppfølging, var det eit ønskje å inngå samarbeid med ein større aktør frå det frivillige feltet med relevant erfaring i høve oppgåvene. Kultur- og idrettsavdelinga v/ seksjon for kunst- og kulturformidling gjorde undersøkingar på kva organisasjonar som kunne vere aktuelle.

Av omsyn til at det er om lag 300 ungdommar med ulik bakgrunn i sosiale lag, religion, etnisitet og nasjonalitet i alder 13-20 år som skal overnatte i lag, er det viktig at dei vaksne som overnattar med desse er ansvarlege vaksne, viser respekt for ungdommane, er upartiske, nøytrale og vennlege i møte med dei. Det er i tillegg viktig at dei vaksne kan førstehjelp og har kunnskap om både fysisk og psykososial førstehjelp dersom det skulle oppstå behov.

Etter gjennomgang og diskusjon av aktuelle organisasjonar, vart det konkludert med å ta kontakt med Hordaland Røde Kors. Dette fordi så langt Hordaland fylkeskommune kan sjå er det ingen andre organisasjonar i Hordaland som kan tilby same kompetanse og erfaring blant sine frivillige. Organisasjonen har vidare eit høgt tal av frivillige. Hordaland Røde Kors har klare definerte prinsipp for din verksemd; Humanitet – Upartiskhet – Nøytralitet – Uavhengighet – Frivillighet – Enhet – Universalitet. Organisasjonen tilbyr førstehjelpsopplæring til frivillige og ansatte, og sørger for at alle frivillige har kunnskap om både fysisk og psykososial førstehjelp. Organisasjonen har ei særleg satsing på barn og ungdom i sitt arbeid og er m.a. organisert med ei eiga ungdomsorganisasjon (Hordaland Røde Kors Ungdom). Hordaland fylkeskommune vurderer eit slikt samarbeid til å gi kulturell gevinst. Dei frivillige frå Hordaland Røde Kors arbeider gratis under festivalen, mot at organisasjonen får utbetalt ei sum dei kan nytte til sitt eige humanitære føremål.

Førespurnad (Arkivsak: 2016/9494-1) vart sendt til Hordaland Røde Kors 30.09.16 med invitasjon til møte 19.10.16 kl.12. Tilstade på dette møtet var Thorbjørn Fosse (Seksjonsleder Omsorg og Foreningsutvikling, Hordaland Røde Kors), Tone Stedal Haugland (seniorrådgjevar, HFK) og Marianne Ose Askvik (spesialrådgjevar, HFK). Innhaldet i førespurnaden vart diskutert og møtet vart avslutta med at Fosse skulle diskutere førespurnaden internt i Hordaland Røde Kors og kome attende med eit tilbod.

### **Konklusjon**

Innhaldet i nemnte møte vart diskutert med seksjonsleiar Ronny Skaar. Hordaland Røde Kors er ei stor frivillig organisasjon med brei og lang erfaring innan sitt virke. Dei frivillige i Hordaland Røde Kors har både større og breiare erfaring enn kva som er vanleg å forventast av reiseleiarar i UKM. Med frivillige frå denne organisasjonen vil ein vere trygg på at UKM-deltakarane vert ivareteke på ei god måte under UKM-festivalen i Hordaland på kveld og natt.

26.10.16 sendte Fosse ein e-post til Marianne Ose Askvik;

Takk for godt møte sist uke.

Da har vi hatt en intern diskusjon på dette og kommet frem til følgende:

Vi har ikke så mye å sammenligne med, men vi tenker at en pris på kroner 100,- per time for hver frivillig kan være et greit utgangspunkt.

Dersom man da tar utgangspunkt i 14 timer per vakt i to dager, og ganger med 35 frivillige, da får man en totalpris på 98.000,-

Så tenker eg, og som ble tatt opp av din kollega i møtet, at her vil vi nok kunne klare å tilfredsstille deres behov for trygge voksne med et mindre antall frivillige.

Dersom man tar utgangspunkt i 16 frivillige så lander vi på 44.800,-

Hva er dine umiddelbare tanker til det?

Dette innhaldet vart diskutert internt på HFK med seksjonsleiar Ronny Skaar og det vart konkludert med å akseptere timesatsane i e-posten, og imøtekome utgangspunkt i tal på frivillige. Følgjande tilbakemelding vart sendt til Fosse per e-post 16.11.16:

Hei Thorbjørn,

Vi takkar for tilbakemelding og ønskjer å ta utgangspunkt i 20 frivillige frå Røde Kors per vakt i 2 dagar (56 000 kroner) under UKM-festivalen i Hordaland. Det er eit særleg ønskje at nokon av desse frivillige stiller med naudsynt utstyr dersom det skulle oppstå ein nødssituasjon.

Vi vil føreslå møte om kontraktskriving onsdag 7.desember kl 14:00. Håper tidspunktet passar.

Hordaland Røde Kors har svart med at tidspunktet passar for kontraktskriving. I kravspesifikasjonen som følgjer som vedlegg til kontrakten, vil følgjande kravliste til dei frivillige stå oppført:

Hordaland Røde Kors må sende skriftleg inn namn, alder og telefonnummer på dei frivillige som skal vere tilstade under UKM-festivalen i Hordaland innan 30.03.17 per e-post til [marianne.ose.askvik@hfk.no](mailto:marianne.ose.askvik@hfk.no). Denne informasjonen vert vidaresendt til kommunane slik at dei er kjent med kven som vil vere tilstade med deira representantar (UKM-deltakarar) på overnattingsarena under UKM-festivalen i Hordaland.

Av omsyn til at det er om lag 300 ungdommar med ulik bakgrunn i sosiale lag, religion, etnisitet og nasjonalitet i alder 13-20 år som skal overnatte i lag, er det viktig at dei vaksne som overnattar med desse tilfredsstillar følgjande krav:

- Er ansvarlege vaksne
- Viser respekt for ungdommane
- Er upartiske, nøytrale og vennlege i møte med ungdommane
- Har kunnskap, og kan gjennomføre, både fysisk og psykososial førstehjelp dersom det skulle oppstå behov
- Er tilstade i Haugeveien 28 kl.20:00 fredag kveld frem til kl.10:00 laurdag morgon
- Er tilstade i Haugeveien 28 kl.20:00 laurdag kveld frem til kl.10:00 sundag morgon

Dei frivillige må sjølv ta med seg sovepose, liggeunderlag og toalettsaker.